



HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2305
Klubbnr. RK

Månedsbrev for januar 2016.

Årgang 51



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.

President: Bernhard Harkjerr
Visepres: Eileen Brandal
Sekretær: Arne G. Aschehoug
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres: Øystein Alme
Styremedlem: Sverre J. Ulstein
Styremedlem: Hanne Rognan
Ansv.red.: Karin S. Holstad
Referent: Øystein Alme

Nu falder Sneen i tætte Lag

Nu falder Sneen i tætte Lag,
Og Drengen har ingen Hvile.
Det blev nok en Hoben Mile,
Hvad han kan løbe den hele Dag.

Her slæber han Gaarden af Sne-Blokke fuld,
Og former Soldater drøie;
Det volder ham Slid og Møie.
Han giver Soldaterne Øine af Kul.

Saa ruller han Sneen med al sin Kraft,
Mens Kæmperne staa der og kneise;
Han vil dem et Brystværn reise.
Til Landse han gi'r dem et Kasteskaft

Og nu er han færdig, og nu er han mat;
Hans Hænder er frosne og ømme.
For alle de stærke Drømme
Faar Drengen vist en urolig Nat.

Man hører ham juble, den lille Mand:
"Imorgen skal Slaget stande!"
Da løse sig Himlens Vande,
Og alle hans Kæmper blive til Vand.

Johan Sebastian Welhaven

04.januar

Møtet denne kvelden starta med songen "Du ska få ein dag i mårå" av Alf Prøysen, 1971.

Bernhard H. ønskte vel møtt og informerte samstundes om at Karin S. Holstad skulle halde foredrag til oss denne kvelden med tema "På tur til Peru"

Karin S. Holstad fekk så ordet og starta med å fortelje om reisa ho hadde for «Mama Clara» til Peru saman med Erna Berg Rogne, Gerd Fjellanger og Britt Myrvågnes.

Reisa gjekk med fly til Lima og buss vidare til ein barneheim i byen Chuquibamba dreven av «Antonietta Meo». Detter er ein by med om lag 4000 innbyggjarar plassert 3000 m.o.h.

Levebrødet består mykje av landbruk og ein fabrikk for ost. Byen har mangel på vatn og har mykje alkoholisme blant dei vaksne. Barnehagen som er driven av 5 nonner, hadde klar ei lang liste med ynskje då det vart arrangert ei felles innkjøpsrunde, med mange glade ansikt då dei var tilbake i barnehagen. Det vart og sett av tid til å besøkje den statelege barnehagen, den katolske kirka i byen og den lokale skulen. Barna i barnehagen fekk overrekk fleire gåver som dei vart glade for, mellom anna fotballdrakter frå ÅFK/ Hødd. Pengar til drift er største «mangelvara» i barnehagen.

Karin S.H/ John S. diskuterte som avslutning om det kan vere muleg å få til eit Rotary-prosjekt i dette området. Dette kan ikkje vere til drift av barnehagen, men eventuelt til nye bygg, vedlikehald av bygg, vatn m.m.

Ein eventuell lokal Rotary-klubb i området vil gjere dette enklare å få til noko slikt.

Det vart arrangert vinlotteri til inntekt for «Mama Clara».

Bernhard H. avslutta møtet med å takka for frammøte og Karin S. Holstad for foredraget.

11.januar

Møtet denne kvelden starta med song.

Bernhard H. ønskte vel møtt og overlet ordet til Karin S. Holstad som takka for gåva til «Mama Clara» som kom inn på vinlotteriet på sist møte.

Sverrrre Bjåstad fekk så ordet for å informere litt om tankane han hadde rundt programinnslaget han ville ha på neste møte. Åge Nyttun hadde og bedt om ordet der han reklamerte for turkartet til Hjørungavåg IL.

Kveldens foredragshaldar Hans Gisle H. fekk så ordet der tema var «Seter, seterdrift og hytter på fjellet».

Han var sjølv frå eit småbruk og hadde fått interesse for korleis bøndene på Hareid nytta seterdrifta for 100 år sidan til å auke aktiviteten på bruka ,og sidan hans eigen far hadde fortalt om dette.

Han var innleiingsvis inne på korleis gardane i Hareid før 15-1600 talet hadde vorte etablerte og rydda gjennom ei knoppskyting ut frå dei første hovudgardane t.d. Hareid Grn 41, Brandal 40 : og i Hjørungavåg rundt Liavågen.

Bøndene var alltid på jakt etter meir areal for å kunne fore mange dyr på båsen over vinteren. Fleire dyr gav større status. Etter kvart vende ein også på Hareidlandet, augene sine mot fjellet for å nytte beitet der.

Han definerte kva ei **seter** var: Eit sesongdrive anlegg for husdyrbruk i fjellet for å nytte ut beite der. Setrane høyrde alltid til ein gard. Seter og støyl vert ofte brukte omkvarandre, sjølv om vi her på våre kantar kanskje nyanserer i støyl som ein rein mjølkeplass, medan på setra er fjøsar og sel for overnatting for dei som mjølka.

Alder og opphav til seterbruk her i landet, er ukjent, - sjølv om ein har spor og litt omtale av dette heilt tilbake til 1100 talet.

Reglar for setring finn ein i dei eldste lovene her i landet der der m.a. står at «kven som vil, kan gjera seg sel i almenningen, og sitja der i sommarsete.»

Først ute med setring i Hareid var truleg i Brandal som var ein gard driven på 1600-talet av presten Rasmus Brandal. Han tok mot kyr og sau frå Hjørungavåg til setring ,men også dyr frå Ålesundområdet og Godøya. Dei betalte 40 øre pr kreatur for å nytte Brandalsfjella med base i GAMLESETRA framme i Indredalen.

Gjennom kart og bilde viste han plasseringane til setrane. Han skilde mellom ulike plassar krøtera vart mjølka: Fjosen nede på bøen—sommarfjøsane eit stykke frå heimebøen(gjerne oppe i fjellsida) og setrane lenger vekke og oppe på fjellet.

Så starta han med ei bildeleg «rundreise» der han viste Setra i Brandal, no i «**Ytredalen**» og bilde av murane etter fjøsar og sel som hadde vore der. Sjølv om bønder i Brandal var tidleg ute, ned mot 1600-talet,- var den store seteraktiviteten på i Hareid frå tidleg på 1900-talet og fram til 1950 talet,- med gradvis avvikling frå/i krigen.

Første bilde- runde med kommentarar var opp Ytredalen til Grøthornet ,så over Lågheia via og nedatt via hyttene og fjøsane nede mot Indredalen.

Andre bilderunde starta på Rise , -opp Rasmusvegen mot Riseselet.

--

Men der måtte ein slutte fordi rotarytimen var over.

Presidenten bad leiaren i programnemnda setje framhaldet i foredraget; setrane på Hareidsfjella og Hammarstøylen,- opp på eit seinare møte.

Bernhard H. avslutta møtet og yngste vel heim.

